



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår dato: 01.11.2023
Vår ref.: 201708053-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 23/3139 - 23/75332

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE fremjar motsegn - Offentleg ettersyn - Områderegeringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø - PlanID 125620170002 - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 04.10.2023. Saka gjeld offentleg ettersyn av områderegeringsplan for Dalstø – Mjåtveitstø. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for ein stegvis utbygging, der ein som første byggjetrinn kan etablere inntil 255 nye bustadeiningar og ein ny barnehage. I sin heilskap regulerer områdeplanen inntil 800 nye bustadeiningar. Alver kommune har bedt om ei særskild fråsegn frå NVE, da planområdet omfattast av aktsemdsområde for marin grense.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er manglande avklaring av reell fare for områdeskred av kvikkleire. Dersom Alver kommune avklarar reell fare for områdeskred av kvikkleire i dette plannivået, eller sett krav om detaljreguleringsplan for delområde B03 - B09, BF06 - BF10, BB01 og BH, fell grunnlaget for motsegna bort. Grunnlaget for motsegna er skildra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).



NVE si motsegn

Grunnlaget for motsegna er at planen opnar for direkte utbygging i delområde B03 - B09, BF06 - BF10, BB01 og BH, utan krav om detaljregulering. Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje seinast på siste plannivå, jf. [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#).

I planområdet syner [NVE atlas](#) at det er moglegheit for samanhengande førekomstar av marin leire, som betyr at det kan vere kvikkleire i grunnen. Faren for kvikkleireskred må difor avklarast. Områder med potensiell eller reell fare for kvikkleireskred må synleggjerast med omsynssone H310 i plankartet og knytes til føresegn som tek i vare tilstrekkeleg tryggleik.

Avklaring av reell naturfare skal skje seinast på siste plannivå, og ikkje skyvast til byggesak. Når planføresegn 3.1.1 a opnar for at delområde B03 - B09, BF06 - BF10, BB01 og BH kan gjennomførast utan detaljregulering, betyr det at områdereguleringsplanen er siste plannivå.

I rekkefølgeføresegn 10.2 a er det sett krav om at det skal føreligge dokumentasjon på eventuelle ustabile grunnforhold og nødvendige tryggingstiltak for område som ligg under marin grense før det vert gitt rammeløyve for tiltak. Dette er for seint ettersom sakshandsaming av rammeløyve ikkje er eit plannivå, jf. rundskriv H-5/18.

De kan løyse motsegna ved å enten:

- Avklare reell fare for områdeskred av kvikkleire ved hjelp av prosedyren i kapittel 3.2 i vår rettleiar [«Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) på dette plannivået. Resultata frå avklaringa må innarbeidast i planen før den kan vedtakast.

eller

- Setje krav om detaljreguleringsplan for delområde B03 - B09, BF06 - BF10, BB01 og BH i områdereguleringsplanen, slik at ein utsett avklaring av reell fare til neste plannivå.

og

- Område utsett for potensiell og/eller reell fare for kvikkleireskred må synleggjerast med omsynssone H310 i plankartet. Til H310 må det knytes føresegn som gjer greie for kva omsynssona gjeld for.

Andre merknadar

Deler av planområdet ligg i aktsemdsområde for steinsprang og snøskred, jf. [NVE Atlas](#). NVE publiserte i juni 2023 nye aktsemdkart for snøskred, og aktsemdkartet for snøskred og steinsprang (NGI) vert ikkje lenger rådd til å bruke. Det er no tilgjengeleg landsdekkande aktsemdkart for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred som vi rår til vert lagt til grunn for nye planar. Reguleringsføremålet innanfor aktsemdsområda er GN – grønstruktur. Føresegna til arealføremålet opnar for at det kan etablerast mindre tiltak



som gapahuk, benk og trehytter. Det går ikkje fram av plankartet om desse tiltaka ligg innanfor aktsemdsområdet. Det må fastsetjast tryggleiksklasse for alle tiltak i områder utsett for skredfare, jf. Byggteknisk forskrift (TEK17) kapitel 7 eller tiltaka må plasserast utanfor aktsemdsområdet.

Vi gir eit fagleg råd om at aktsemdsområde for skred i bratt terreng synleggjerast i plankartet som omsynssone H310, med tilhøyrande føresegn som gir byggjeforbod mot tiltak i tryggleiksklasse S1, S2 og S3, jf. TEK17.

Prosesen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort.

NVE si erfaring er at det er nyttig med dialog mellom oss og kommunen når det blir arbeid med å kome motsegner i møte. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. De same må de gjere dersom de har spørsmål til motsegna, eller til andre faglege råd i dette brevet. Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor.

Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Mottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Kopimottakarar:
ALVER KOMMUNE